

Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
14/838 - 2 / DGI

Dato:
01.09.2014

Høringsfråsegn frå Språkrådet om framlegg til endring av lov om stadnamn

Språkrådet viser til høyringsbrev frå Kulturdepartementet 2. juni 2014. Stadnamntenesta og fagrådet for normering og språkobservasjon i Språkrådet har gitt råd i saka.

Departementet føreslår i eit høyringsnotat endringar i lov om stadnamn (stadnamnlova). Språkrådet vurderer endringsframlegga slik:

- Notatet legg fram dei faglege problemstillingane som knyter seg til endringane, på ein god måte. Språkrådet ser positivt på fleire av endringsframlegga som gjeld språk og innhald.
- Vi er sterkt kritiske til hovudendringa – at eigaren av eit gardsbruk skal bestemma skrivemåten av bruksnamn.
- Fleire av endringsframlegga gjer verdien av stadnamn som felles kulturminne tydelegare. Samstundes blir kulturminneverdien undergraven når eigaren eller festaren av eit bruk får rett til å avgjera kva skrivemåten av namnet skal vera.
- Nedervde stadnamn er språklege bautasteinar, eldgamle kulturminne som har blitt overlevert munnleg gjennom hundreåra og tusenåra. Vi ville aldri ha tillate at ein grunneigar utan vidare fekk endra ei innskrift eller ei teikning på ein bautastein til ei tidlegare tolking. For oss er det prinsipielt like utenkjeleg at forvaltninga av lokale stadnamn blir privatisert.
- Det at vi legg vekt på kulturminneverdien i stadnamna, meiner vi òg talar mot framhevinga av *meningsinnhald* i formålsparagrafen.
- Slik Språkrådet ser det, er endringsframlegget om fastsetjing av bruksnamn ikkje i samsvar med pliktene Noreg har etter UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven.



- Språkrådet gjer framlegg om ei alternativ løysing som tek omsyn både til ønska hos grunneigarane om ein spesiell skrivemåte og til formålet om å gi det nedervde namnet vern.

Nedanfor tek vi for oss dei paragrafane vi har merknader til, kvar for seg.

§ 1. Formål og verkeområde

Departementet har eit endringsframlegg i første leddet: «Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og *som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet*, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna». Den kursiverte delen er ny.

Endringa vil vera førande for kva skriftform eit stadnamn skal ha, og vi ser at ordlyden i framlegget vil gi klarare føringar enn det dagens *tenleg* i seg sjølv gir. Likevel meiner vi denne endringa vil kunna leggja opp til ei for trong avgrensing av kva eit nedervd stadnamn er. Departementet skriv på side 6 i notatet at «[d]et er det *språkhistoriske*, kulturhistoriske og busetjingshistoriske aspektet ved namna som har krav på vern». Vi har her utheva det *språkhistoriske*, som vi meiner ikkje berre kan handla om tydinga, men òg om den *forma* eit stadnamn har hatt i den nedervde uttalen.

Vi gir eit par døme på former som kan seiast å «skyggja for meiningsinnhaldet», men som etter vårt syn likevel er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne:

- *Uvdal*. Vi må kunna seia at skrivemåten *uv-* skyggjer for tydinga 'opp' i dette namnet. Likevel tek denne skrivemåten vare på den nedervde lokale uttalen av namnet som eit historisk minnesmerke, på ein måte som skrivemåten *Oppdal* ikkje ville ha gjort.
- *Grytemørk*. Dette gardsnamnet i Vestfold tevlar på bruksnivå med forma *Grytemark*. Det er neppe tvil om at *-mark* formidlar meiningsinnhaldet 'mark' tydelegare enn *-mørk*. Men den vanskelegast tilgjengelege forma i tyding tek vare på det språkhistoriske minnesmerket som ligg både i sjølv uttalen og i den fleire hundreår gamle dativforma *mørk*.

Både *Uvdal* og *Grytemørk* blei overleverte frå generasjon til generasjon uavhengig av skriftforma. Eit viktig allment poeng er at dette i dag er annleis; den nedervde uttalen, det primære språklege kulturminnet, blir erstatta av ein uttale som tilpassar seg skrivemåten av namnet. For einskilde gardar eller bruk kan dette skje brått, til dømes ved eit eigarskifte.

Språkrådet meiner difor det er viktig å halda fram med å understreka at utgangspunktet for skrivemåten er den nedervde lokale uttalen. Dette kjem fram i § 4, men § 1 vil ha høgare rang, og ein kan da tenkja seg tilfelle der det kan argumenterast for at den mest trugne attgivinga av den tradisjonelle uttalen «skyggjer for meiningsinnhaldet».

Vårt framlegg

Vi føreslår at § 1 blir verande som han er i dag.

§ 2. Definisjonar

Til a): Språkrådet meiner inndelinga i fire hovudkategoriar stadnamn er god.

Til e): Vi meiner «og som framleis er i levande bruk» i nokre tilfelle vil vera eit for strengt krav. Som vi elles nemner under merknadene til § 1 og § 8, kan den levande bruken av somme namn forsvinna raskt. Det vil òg lett kunna bli eit diskusjonsspørsmål kva levande bruk er, og det kan vera vanskeleg å dokumentera. Kva «som har vore vanleg på staden» kan lettare stadfestast objektivt, og vi understrekar at perfektumforma *har vore* fint kan strekkja seg inn i notida.

Vårt framlegg

Vi føreslår at § 2 e) får denne ordlyden: «nedervd lokal uttale: den uttalen som er overlevert frå tidlegare generasjonar, og som har vore vanleg på staden».

§ 3. Namnevern

Språkrådet stør endringsframlegget.

§ 4. Reglar om skrivemåten

Som vi har nemnt under merknadene til § 1, stør Språkrådet at det framleis skal takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen ved fastsetjing av skrivemåten. Vi stør òg at skrivemåten skal følgja gjeldande rettskrivingsprinsipp.

I notatet skriv departementet dette på side 20: «Ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen, men når ein fastset skrivemåte, skal denne vere innanfor rettskrivinga. Som i normeringsspørsmål elles er det fleire omsyn å ta. Omsyna er delvis motstridande, og i prinsippet er det opna for at stadnamn kan få ein skrivemåte med dialektnære former utanfor rettskrivinga, språkhistorisk korrekte former og former som er påverka av tidlegare rettskriving.» Vi skjønar at ein i handhevinga av lova ofte må vega ulike omsyn mot einannan, men vi vil understreka at det å følgja gjeldande *rettskrivingsprinsipp*, som lova seier, i seg sjølv ikkje er i strid med å fastsetja skrivemåtar som er utanfor den offisielle *rettskrivinga*. Vi kan visa til dømet med *Grytemark* eller *Grytemørk* for å illustrera dette. Hovudprinsippet i alfabetisk skrift er at ein bokstav (eller eit bokstavsamband) representerer ein språklyd. I eit rettskrivingssystem som det norske kan hovudprinsippet modifierast på ulike måtar, men i dette tilfellet med *-mark* eller *-mørk* er begge skrivemåtane i samsvar med hovudprinsippet. Vi knyter *a* eller *ø* til to ulike uttalar. Derimot er *-mørk* ikkje i samsvar med rettskrivinga, i motsetning til *-mark*. Denne fleksibiliteten som eit skilje mellom rettskrivingsprinsipp og rettskriving gir, held etter vårt syn fram i lovteksten.

Vi stør framlegget om at kvenske stadnamn skal få ein skrivemåte etter kvensk rettskriving.

§ 5. Fastsetjing av skrivemåten

Språkrådet har ikkje innvendingar mot endringane i denne paragrafen.

§ 6. Nærmare om saksbehandlinga

Språkrådet ønskjer ikkje at eigaren eller festaren skal ha det avgjerande ordet i saker som gjeld bruksnamn, jamfør det vi skriv nedanfor til § 8. Vi føreslår at siste delen av andre ledd blir stroken, slik at den fulle ordlyden blir: «Eigar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn.»

§ 8. Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

Vi ser positivt på endringa av strukturen og presiseringa av språket i § 8. Skiljet mellom gardsnamn og bruksnamn kjem tydelegare fram, og nett det er i eit kulturminneperspektiv heilt nødvendig dersom dei radikale endringsframlegga i paragrafen elles får gjennomslag.

Språkrådet var kritisk til framlegget om å endra reglane for fastsetjing av bruksnamn i 2012, og vi har i hovudsak dei same innvendingane no. Etter vårt syn handlar det ikkje om å *gi* eigaren eller festaren av eit gardsbruk ein rett, men om å *ta* kulturminnevernet frå bruksnamna. Vi meiner dessutan at dei praktiske følgjene ei slik lovendring vil få, òg vil svekkja mange nedervde stadnamn som kulturminne i det heile.

I eit kulturminneperspektiv er det viktig å framheva at å overføra kontrollen over bruksnamnet til eigaren i mange tilfelle får større uheldige følgjer i dag enn om det hadde hendt for berre nokre tiår sidan.

Eit døme: *Malme* eller *Malmø*?

I 1960-åra kunne ein bonde ønskja at gardsnamnet *Malme* skulle skrivast *Malmø* om sitt gardsbruk, fordi det var den skriftforma han kjende. Han ville likevel bruka det nedervde namnet med uttalen /maɾme/ i det daglege, til liks med alle naboar og heile bygda; det nedervde namnet levde altså vidare uavhengig av skrivemåten, slik det alltid hadde gjort. I dag er dette mange stader heilt annleis. Tradisjonelle namn står svakare i det kollektive minnet, og skriftspråket blir i mange tilfelle den einaste formidlingskanalen. Både sal av gardsbruk, nytt adressenamn på gardsbruket (vegnamn og nummer), og det at mange av banda i lokalsamfunnet og mellom generasjonane i det heile blir lausare, kan vera årsaker til dette.

Om vi held oss til tilfellet med *Malme* som gardsnamn og *Malmø* som bruksnamn, kan til dømes eigaren setja opp eit skilt til *Malmø*, og GPS-en i bilen vil visa *Malmø* når ein køyrer

over gardsbruket (ein køyrer frå bruk til bruk, ikkje frå gard til gard). Da vil det ha mindre verdi for gardsnamnet *Malme* som språkleg kulturminne at det kan dukka opp på somme kart i små og mellomstore målestokkar. Som levande kulturminne står det i fare for å bli utsletta, og på lengre sikt vil det òg vera spørsmål om kor lenge ein kan hevda at gardsnamnet *Malme* er i samsvar med nedervd lokal uttale.

Når kommunen skal fastsetja namnet på vegen til Malme, eller om det blir aktuelt å leggja eit byggjefelt der, vil han kunna prøva å velja vegen utanom både *Malme* og *Malmø*, i og med at det er strid om namnet. Igjen vil namnevernet vera svekt.

Svekking av kulturminnevernet

Departementet skriv i notatet at framlegget «inneber ei markant styrking av grunneigarinteressene i lova jamført med samfunnsinteressene». Det er vi samde i, men vi er ikkje samde i at «kulturminneomsynet ikkje blir vesentleg truga» ved framlegget. Tvert om meiner vi det er mykje sannsynleg at situasjonar som dei vi har trekt fram med dømet *Malme/Malmø*, viser at skrivemåten av bruksnamnet òg vil få følgjer for gardsnamnet som kulturminne og for offentleg namngiving på andre namneobjekt. For andre namn vil skrivemåten på gardsbruksnivå ymsa meir enn i dømet vårt, og det vil bli ei tung pedagogisk oppgåve å formidla skilnaden på bruksnamn og gardsnamn.

Vi meiner at framlegget til endring av reglane for fastsetjing av bruksnamn ikkje kan seiast å vera i samsvar med plikta Noreg har til å «vedta en overordnet politikk som tar sikte på å fremme den immaterielle kulturarvens rolle i samfunnet og integrere vern av denne arven i sitt planleggingsarbeid» i artikkel 13 a) i UNESCO-konvensjonen (som departementet siterer på side 10). Det kan nok diskuteras kor mykje endringa svekkjer kulturminnevernet for bruksnamn, men det kan neppe vera tvil om at framlegget uansett ikkje er å fremja den immaterielle kulturarven.

Bruksnamn som ikkje er avleidde av gardsnamnet, er ikkje nemnde i høyringsnotatet eller i framlegget til ny lov. Desse namna bør få same vernet som gardsnamna i form av ein normert skrivemåte.

Ei anna løysing som tek omsyn til ulike ønske

Språkrådet meiner det finst betre løysingar for å ta omsyn både til ønska hos grunneigarane om ein spesiell skrivemåte og til formålet om å gi det nedervde namnet vern. Utgangspunktet på begge sider er å ta vare på bruksnamnet. Frå ein språkfagleg synsstad er det ikkje tvil om at det er den namneforma som er overlevert munnleg frå generasjon til generasjon, som er det eigentlege namnet, det som har krav på vern. Det er likevel forståeleg om ein grunneigar i ønskjer å ta vare på ein skrivemåte som har vore bruka, kanskje over lengre tid. Vi meiner ein kan ta omsyn til dette ønsket ved å registrera skrivemåten som nett *alternativ skrivemåte*. Det vil ikkje føra til at den alternative skrivemåten kan brukast i staden for den vedtekne skrivemåten på offentlege kart eller i

andre offentlege samanhengar, men han skal kunna registrerast i stadnamnregisteret som ein eigen kategori. På interaktive kart eller andre (framtidige) publikumstilbod kan ein tenkja seg at den alternative skrivemåten kan koma fram som ei tilleggsopplysning.

Vårt framlegg til ny § 8 (vår endring i feit skrift):

«Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

Skrivemåten av gardsnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 til 6.

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. **Dersom eigar eller festar ønskjer å registrere ein alternativ skrivemåte og kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentlig bruk som bruksnamn, skal denne skrivemåten oppførast i stadnamnregisteret i tillegg til det vedtekne namnet.**

Eigar eller festar kan, med dei avgrensingane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivemåten av namnet på eit nytt bruk.»

Venleg helsing

Ottar Grepstad
styreleiar

Arnfinn Muruvik Vonen
direktør

Mottakarliste:
Kulturdepartementet

Postboks 8030 Dep

0030

OSLO

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.